

Fleire gjev Grasrotstøtte til laga

26.11.2009



Gledeleg at helselaget , saman med skulemusikken og idrettslaget fått fleire grasrotstøttespelarar denn veka.

Talet på dei som støttar laga i Uskedalen gjennom grasrotandelsordninga har auka denne veka. Både idrettslaget, skulemusikken og helselaget har fått fleire som støttar dei gjennom ordninga. Dette er gledeleg, og det har truleg samanheng med oppfordringa som gjekk ut gjennom løpesetlar i postkassane og ved hjelp av nettsida i løpet av helga.

Det er viktig at alle som spelar i Norsk Tipping deltar i ordninga. Det kostar ikkje spelarane noko, men det betyr mykje for laga i bygda. Dersom spelalarar ikkje deltar på ordninga, oppnår ein berre at pengane "forsvinn" tilbake til Norsk Tipping på Hamar. Det er også viktig at ein melder seg på ordninga før året er slutt. Då får nemleg laga midlar som er blitt oppspart gjennom året.

Ved å gå inn på linken https://www.norsk-tipping.no/grasrotandelen/grasrot_sok kan alle finna statistikk over kor mykje dei ulike laga har fått på ordninga til no. Ein kan også finne meir informasjon om ordninga.

Av: Thor I. Døssland